


Returdresse:
Pirion,
Næringsbedet i
Vatlandsvåg,
4235 Hebnes

B

N O R E G

P. P.



pels over heile kroppen. Og dei små, kvite hovane. Heilt mjuke, etter å ha lege så lenge i magen. Seinare skulle dei verte harde og grå og trampe rundt over markane.

Han lyfta varsamt eine bakfoten. Det var ei jente, såg han. Eit hoppeføl. Jubel og fryd!

Tyra sleikte og sleikte følet sitt, så pelsen stod ut til alle kantar. Følet skalv. Hovudet dirra, og det gliippa langsam med auga sine. Det såg så fryktelig kaldt ut å vere så våt og nyfødd. Jon tok ein neve tørt høyt og gnidde følet over ryggen. Så kaldt som det var i stallen no. Kanskje han burde hente eit pledd oppe i huset, tenkte Jon.

- Eg kjem snart tilbake, sa han til Tyra og følet.

Kulden reiv i kjakane då Jon opna stald-døra og gjekk ut på tunet. Det var framleis mørkt, sikkert midt på natta. Oppe i huset var lysa sløkt. Berre adventstakane lyste i vindauga. Dei sov nok der oppe no, mor, far og veslesyster.

Tenk at julenatta var så kald. Og så klar! Det glitra i snøen over alt. Jon måtte stogge. Små krystallar og gli-trande isflak oppe på snøen. Tusen små lys i natta. Jon bøygde hovudet og såg opp. Stjerner! Tett i tett med stjerner der oppe på den mørke himmelen. Langt der oppe. Jon kjende eit sug i seg. Han drog pusten sterkt. Alle dei stjernene. Små soler i andre verder. Og der! Ei av stjernene lyste sterkare enn alle dei andre. Akkurat som ho blunka i fleire fargar. Gult, grønt, raudt, oransje. Ho stod over fjellet, over fjellet som stod over stallen.

- Stjerne, kviskra Jon ut i natta, det er det ho skal heite. Følet skal heite Stjerne.

Etter julenattstjerna som lyste på himmelen den julenatta ho vart fødd.

Jon smilte. Vakre Stjerne. Han såg mot stallen og løa. Det lyste ut gjennom fjølglipene på veggen. Det var som om heile stallen strålte. Tynne striper av lys som fall ut over snøflata. Det var akkurat som noko lyste inne i Jon også.

Vesle Stjerne stod på dei fire lange, tynne beina sine og snusa langs sida til Tyra då Jon kom attende med pleddet. Ho leitte etter mjølk. Flytta på dei små hovane sine. No og då skubba Tyra henne lett i baken med hovudet for å hjelpe henne å finne spenen. Ho saug han i seg med ein høg smattelyd. Den vesle tunga krulla seg kring spenen og pressa ut den kvite, seige mjølka. Det skumma kvitt i munnvika hennar. Ho vifta med den vesle, korte halen sin. Smatta og vifta. Tyra knegga nøgd når ho kjende det, og gav frå seg all mjølk ho berre kunne. Jon la pleddet over ryggen på Stjerna, før han sette seg med ryggen mot veggen. Han kunne slappe av no. Alt var godt. Tyra var frisk. Stjerne var kvikk. Ho stabba med dei lange beina sine og drakk varm mjølk.

Små knakk på stald-døra. Jon måtte ha sovna likevel. Far stakk hovudet inn:

- Korleis går det?

Jon såg seg ikring. Han låg i stallen, og ved sidan av han låg Tyra. Og ved sidan av Tyra låg følet. Stjerne! Stjerne var jo komen i natt.

Nei, har du sett, sa far og var heilt spak i målet.

Han snudde seg og sa lågt og skurrande:

- De må kome inn og sjå for eit lite under!

Bak han kom mor og veslesyster. Dei bar gåver i hendene sine alle tre. Med varsame steg steig dei inn i stallen. Auga deira vart store og blanke då dei såg Stjerne.

- Å, vesle ven, kviskra mor.

- Å, vesle hesten, kviskra veslesyster.

- Å, vesle under, kviskra far.

Så stod dei der alle saman og berre såg.

- Og dette var du med på, sa far til Jon. For ei julenatt du har hatt.

Jon nikka. Han kjende at han også var stolt. Hjartet var så stort og varmt inne i bringa.

Inne i presangane låg fine ting. Stjerne fekk ei lita, raud grime med blanke spenner. Tyra fekk ein tjukk ullpad til å ha under salen. Og Jon, han fekk nye ski!

Men den finaste gåva av alt, var likevel Stjerne, syntest Jon.

Ute var det så vidt teke til å verte lyst då familien tusla mot huset. Eit blått lys over dalen av kulde og snø. Jon vart ståande ei stund før han gjekk inn.

Stjernene lyste enno over stallen. Og inne i stallen låg ei nyfødd lita stjerne.

- Julestjerna mi.

Å, vesle julegåve, kviskra Jon.



nr. 8 - 2008
PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



HISTORIE: HILDE MYKLEBUST ILLUSTRASJONAR: METTE KARLSVIK

*Pirion sitt eige
jule-eventyr!*

Jon kjende det med det same han let opp auga om morgonen. Det var eit nytt og annleis lys i rommet, kvitt og sterkt.

Han sette seg opp i senga og drog gardinene heilt til sides: Snø!

Det lava ned. Store flak farga løetaket kvitt. Eit tjukt lag låg over markene. Heile dalen var forvandla til eit vinterland.

Og så i dag. Det var nesten så han ikkje kunne tru det. Snø på julaftan!

Jon kjende kor det risla inne i brystet.

Snøflaka seig mot bakken og la seg. Men Jon, han stod opp.

Nede på kjøkkenet var mor i gong med å skjere opp pinnekjøtet. Veslesyster sat ved bordet og åt peparkaker. Far heldt på å setje juletreet på fot inne i stova. Det lukta krydder og gran og søtt og jul i heile huset.

- God morgon! Har du sett ut vind-auget, spurte mor med det same ho såg han.

- Eg veit det alt, sa Jon, på veg ut i gangen.

Han drog ut skuffen med vinterklede. Fann vottane og den tjukke hua. Så slengde han på seg ytterjakka si.

- Men du skal vel ete frokost fyrst, ropte mor etter han.

Men Jon var allereie ute.

Snø. Kaldt. Og stilt. Jon tok nokre steg. Det knirka slik snø skal knirke, når han er kald og nyfallen. Han sette seg på kne og drog hendene over snøflata. Eit tjukt lag samla seg på strikkevottane. Han stakk tunga bortpå. Snøen smakte ikkje så mykje, men var godt likevel. Alt var godt med snø. Alt!

Ytterdøra opna seg. Mor stakk hovudet ut:

- Gå ned i stallen og sjå etter Tyra då, sidan du likevel er ute.

Tyra! Ja, tru korleis det var med Tyra i dag? Jon kjende eit sug i magen av

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

spenning. Tyra var hesten til Jon, og han eigde ho heilt sjølv. Han fekk henne då ho berre var eit lite føl. Og no skulle Tyra sjølv få eit føl. Inne i den tjukke magen hennar låg det, og venta på å kome ut. Det kunne kome kva tid som helst no.

Jon småsprang frå huset og ned til løa, der stallen var. Hjartet dunka hardt i brystet. Tenk om følet også var kome i natt. Slik som snøen. Tenk om alt som han hadde gledd seg til skulle kome på ei natt.

Tyra knegga lågt då han opna døra. Ho stod rett opp og ned med store auge. Trakka med hovane. Flytta på dei, hit og dit. Liksom gnei bakbeina mot kvarandre. Skalv litt.

- Men Tyra, kva er det med deg?

Jon strauk henne forsiktig over mulen. Ho pusta sterkt ut naseborene.

Jon skjøna det. Tyra kjende på seg at ho skulle få føl. Ho kjende på seg at det kom til å hende i dag. I dag! Ei frysning gjekk over ryggen på Jon. Han svelgde, lente panna mot halsen hennar.

- Det skal gå så bra. Det skal gå så bra, kviskra han.

Både til Tyra og til seg sjølv.

På vegen attende til huset merka nesten ikkje Jon snøen. Han sprang. Trampa opp trappa, kasta seg inn døra og ropte:

- Det kjem i dag! Følet kjem i dag!

Mor og far sleppte det dei hadde i hendene. Ei julekule singla mot golvet.

Jon stod i gangen. Kvit av snø, raud av glede.

- Kom då far!

Far vart med for å undersøke Tyra. Han la ei hand over halerota hennar, klemte og trykte. Så bøygde han seg ned og kika under henne, mellom bakbeina. Strekte handa ut og drog ho attende. Det glinsa av kvit mjølk på fingrane hans.

- Ser du? Mjølk. Det kan enno ta nokre timar, men det vert nok i kveld. Det vert eit juleføl, det her.

Jon kjende sommarfuglane i magen slå sterkt med vengane.

Far klappa han på kinnet.

- Er du så spent?

Jon klarte berre å nikke.

- Eg vert her i kveld, sa Jon

- Er du heilt sikker? Vil du vere i stallen på sjølve julekvelden?

Jon var heilt sikker. Tyra var hans hest, og ho stola på han. Han ville ikkje at ho skulle vere aleine når ho skulle få følet sitt. Julaftan eller ikkje, han skulle vere i stallen hos Tyra.

- Då går eg og hentar litt utstyr til deg, sa far og smilte lurt.

Tyra la seg ned. Ho sukka litt der ho låg. Det hadde alt teke til å skumre ute, inne i stallen var det nesten mørkt. Jon sette i ein lampe som han hengde over stallen. Så tok han ei stor famn tørrhøy og spreidde det utover golvet ikring Tyra. Ho røyste seg opp att, bøygde hovudet og nappa litt i det, før ho tok til å grave. Ho grov og grov i høyet. Jon skjøna at det var fordi ho ville lage seg ei seng å få følet sitt på.

Det knirka i steg utanfor døra. Øyrene til Tyra spissa seg. Så knakka det forsiktig på.

- Korleis går det her, kviskra far.

- Berre fint, svara Jon.

Far undersøkte Tyra. Han la ei hand over halerota hennar, klemte og trykte. Så bøygde han seg ned og kika under henne, mellom bakbeina. Han strekte handa ut, drog i spenane. Det glinsa av kvit mjølk på fingrane hans.

- Ser du? Ja, her er det berre å vente.

Far hadde med seg ein sekk og ei tine. Oppi sekken var det ein sovepose, ein termos, ein matboks med to julemenn og ei skive med rull. Oppi tina var det ei skål med lokk på, og ned i skåla var det graut.

- Tenkte du ville smake julegrauten!

Så får du sitte her på låven og ete han, som ein anna nisse

Far blunka, ruska Jon i håret.

- Lukke til!

Tynn røyk steig opp då Jon opna termosen og slo i koppen. Varm, søt kakao fylte munnen. Og mor sin risengrynsgraut.

På låven sitter nissen med sin julegrøt

så god og søt

så god og søt

Han nikker og han smiler og han er så glad, song Jon.

Det passa godt, syntest han. For han var veldig glad. Ikkje berre på grunn av grauten. Ute var snøen komen, og Tyra skulle få føl. Veldig gode, glade ting.

For julegrøten vil han gjerne ha!

Akkurat idet Jon song siste lina, kom han på det bestemor hadde fortalt om nissen på garden der ho vaks opp. Der budde det faktisk ein nisse. Ein fjøsnisse. Det sa i alle fall bestemor, og Jon kunne ikkje la vere å tru på det, heller. Bestemor var jo så gamal og klok. Fjøsnissen gjorde saker og ting, fortale Bestemor. Ein gong ho kom i fjøsen, var halen på hesten hennar fletta. Ikkje berre i ei flette, men i hundrevis av små fletter. Og hesten var nystrigla og skein som eit eple!

Bestemor tvila ikkje eit sekund på at det var nissen. Fjøsnissen stelte godt med dyra deira, og dei stelte godt med fjøsnissen.

Kvar julaftan sette bestemor ut graut til han i løa. Og dagen etter var grauten borte.

Far brukte å le av bestemor når ho fortalte desse historiene.

- De hadde vel ein katt på garden som var glad i graut, tenkjer eg, lo far.

Men Jon trudde eigentleg på det. At det fanst ein fjøsnisse. Eller i alle fall at det fanst nokon som passa litt ekstra på. Nisse eller ikkje. Kanskje ein fjøsnisse-engel?

Jon la frå seg skeia. Han hadde berre ete halve grauten. Den var fryktelig god, men. Han tok skåla, klatra så langt opp i høystålet han klarte og sette grauten frå seg.

- Sånn i tilfelle, mumla Jon

Jon kraup ned i soveposen sin i høyet. Det tok til å verte kaldare, merka Jon. Det var sikkert mange minusgrader ute. Tenk at følet skulle kome nyfødd ut i vinteren, våt og liten. I ein stall. Akkurat slik som Jesus, tenkte Jon.

Men Maria, mora til Jesus, ho surra eit tjukt teppe kring han. Så la ho han i krybba. Og alle dyra kom og stilte seg rundt for å sjå på han og varme han, så han ikkje skulle verte kald. Dei stod der og såg på han med store auge, og syntest han var eit vakkert lite menneske som dei ville passe på.

Bra at dei hadde passa godt på Jesus i stallen den gongen for lenge sidan. Tenk om dei ikkje hadde gjort det. Tenk om dei ikkje hadde surra Jesus inn i pleddet og lagt han i krybba med lunt høy. Tenk om han hadde frose i hell!

Huff. Jon vart litt redd av å tenke slik. Det hadde vore rart om ikkje Jesus fanst.

Jon kika bort i stallen til Tyra. Hennar krybbe var også full av høy. Såg ut som ei lita, varm seng. Jon gjekk bort i stallen og la seg i krybba i staden.

- Får eg ligge her, spurte han Tyra.

Eg skal vere ganske stille.

Tyra kom bort og snusa på han, la mulen bort på hovudet hans og luska han i håret. Pusten hennar var varm mot nakken. Jon passa på Tyra, og Tyra passa på Jon.

Jon kjende at han vart rolig. Han stødde hovudet mot krybbekanten og sovna. Tyra knegga. Små, låge knegg. Jon vakna av det. Tyra låg flatt ut i stallen og trykte. No kom følet! Jon heldt pusten ein augeblunk og vart bleik. Hjartet slo hardt og fort inne i brystet.

- Tyra, kviskra han. No kjem følet ditt.

Han gjekk forsiktig ut av krybba og sette seg på huk ved sidan av Tyra. Han la handflata på halsen hennar. Ho var sveitt og varm. Musklane spente seg, ho vart hard som tre når ho pressa. Auga hennar rulla fram og attende, ho slengde hovudet attover mot sida. Ho såg på Jon med dei store brune auga sine.

- Det går bra, Tyra. Det går bra, sa Jon og flytta seg bak til rompa hennar.

Der såg han det: Ein glatt og glinsande våt sekk kom ut frå henne. Den var full av vatn. Og inne i sekken skimta han to små, kvite hovar. Dei liksom lyste der inne. Tyra pressa meir, og dei lange beina kom lenger ut.

Og der! Ein liten mule. Hovudet. Jon skunda seg for å setje hol på sekken. Det var viktig, det visste han, for med ein

gong følet kom ut skulle det puste. Jon kneip i sekken med fingrane. Det var glatt og slimete og vanskeleg å få tak. Han måtte bruke neglene og drage litt, for å få hol. Det brast, og vatnet rann ut. Jon drog slimet til sides. Mulen var fri. Ein liten, varm mule med masse små mjuke vorter med buster på. Og sjå! I panna som synte seg meir og meir, var ei stor kvit stjerne.

Tyra kvilte ein augeblunk, før ho trykte alt ho hadde og pressa heile følet ut. Halsen, herdane, ryggen, magen, bakføtene. Det var ute.

- Tyra, du klarte det!

Med det same tok følet sitt fyrste andedrag. Det var levande. No låg det der og lyfta på hovudet, byksa litt fram og attende. Tyra vende hovudet og såg på følet sitt. Ho laga ein djup, lang lyd. Og følet svara. Det vesle, varme, dampande følet svara mor si med små støyt av lyd. Dei snakka med kvarandre.

- Var det du som låg inni magen min heile tida, sa kanskje Tyra

- Mamma, sa sikkert følet, mamma, du er mamma mi.

- Ja, sa Tyra, eg skal passe på deg og varme deg og gje deg mjølk.

- Mamma, sa følet.

- Ungen min, sa Tyra og tok til å sleikje følet sitt.

Jon måtte svelgje. Han såg på Tyra og følet, hørde dei rare lydane dei lagde til kvarandre. Dei snakka på eit språk berre dei forstod. Men Jon forstod litt likevel. Ein klump i halsen tok til å vekse, tårene tok til å renne. Men han var ikkje lei seg, ikkje trist. Nei, det var berre så underleg: at følet som han hadde venta slik på var kome ut i verda.

Jon strekte handa ut og strauk følet over den kvite stjerna i panna. Kor loddent det var. Fullt av tjukk, mjuk



